



Eidfjord råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne

Arkivsakid-doknr: 20/175-13
Journalpostid: 21/1188

Saksh: Glenn Wiik
Telefon: 53673535

Arkivkode: K1-033
Dato: 11.02.2021

Møtebok, 10.februar kl. 10.00 – 11.00

Frammøte: Marete Sæbø, Johanna Håbrekke, Sigrid Bu, Frode Eriksen, Ole-Johnny Odland.

Ikkje møtt: Harald Næss, Magnar Røise

Vara: Svein Hop, Aslak Læg Reid

Sak 23

Synfaring i sentrum

Leiar i Sentrumskomiteen, Lars Kristian Eidnes, og Eidfjord råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne var på synfaring i sentrum for å sjå nærare på tilhøve som kan skapa vanskar for personar med ulik funksjonshemming. Det er vanskjeleg å ta seg fram med rullestol pga. høge fortauskantar. Drift & forvaltning burde vore med for å vurdere korleis dette best kan gjerast. Utbetring bør skje så snart som mogleg, og i alle fall før sommarsesongen.

Postvegen har fått ljøs og fint grusdekke. Steinmuren langs vegen skal rehabiliterast, og kommunen skal få opplæring av fagfolk frå ein av nabokommunane våre.

Sentrum manglar parkeringsplassar for funksjonshemma. Tidlegare var det ein parkeringsplass ved COOP, men den er no vekke. Her bør kommunen syta for oppmerking av 2 felt på rekke. Funksjonshemma har oftast store bilar med utgang bak, og dei treng difor 2 samanhengande felt. Parkeringsplass for funksjonshemma ved legekantoret er også noko kommunen bør vurdere.

Lars Kristian Eidnes orienterte rådet om planar for sentrum og Kjærøyna.

Sak 24

Ymse

- Det finst eldre i kommunen som ikkje får med seg oppdatert informasjon om t.d. koronasituasjonen. Fleire har ikkje PC og kan ikkje nytta seg av kommunen si heimeside. Me har vidareformidla dette til IKT-ansvarleg i




Hardanger

kommunen og han har sendt utfordringa vidare til leiinga i. Kanskje kan mobiltelefonen nyttast i denne samanhengen.

- I økonomibudsjettet er det sett av inntil kr. 100 000 til aktivitetsutstyr utanfor bygdaheimen. Dette set rådet stor pris på, og me vil senda ein takk til kommunestyret for dette rause bidraget.
- Møteplan for vårsemesteret: 7.april kl.10, 2.juni kl.10 Her kan det verta endringar sidan me har invitert andre tilsette i kommunen til å vera med på møta.

Til å skriva under møteboka: Marete Sæbø og Ole-Johnny Odland



Marete Sæbø (leiar)



Ole-Johnny Odland

Med venleg helsing
Eidfjord kommune



Glenn Wiik
sakshandsamar

Kopi til arkiv og kopibok